



Kyrkja var fullsett under julekonserten

Den tradisjonelle julekonserten i kyrkja, som vart avvikla i kveld, bar bod om høgare musikalsk standard i bygda og kommunen sidan den tilsvarande konserten i fjor. Det galdt ikkje minst for Røysterrett for alle og skulemusikken, men også for Uskedalens svært lovande musikal Vegard Døssland. Han gjorde seg sterkt gjeldande både i skulemusikken og som akkompagnatør, Likevel vart vår favoritt denne kvelden organisten - Lars Erik Tjeldflåt - som verkeleg boltra seg i Auf Weinnacht av Carl Plutti.



Røysterett for alle får ros for høgare standard

Tjeldflåt har vore dyktig lenge, men no er han på veg mot å etablera seg på ei ny plattform.



Det var solosong ved Svein Bergseth

At skulemusikken er på veg opp igjen frå bølgedalen også musikalsk - under inspirerende leiing av Tor Skeie Olsen - vart grundig understreka, særleg med Mitt hjerte alltid vanker.




- og solosong ved Ragnhild Handeland

Røysterett for alle song 6 songar under denne fjerde konsert-deltakinga i like mange helgar og viste ingen trøttheitsteikn sjølv om nokre av songarane er grundig slitne. Koret har eit spesielt tilhøve til Jul, jul, strålande jul, men denne gongen syntes vi Kling nok klokka klang best. Kvinnherad Trekkspelklubb forsvara sin plass i konsertopplegget med Mozart og 3 julesongar, medan kveldens solosongarar var av vekslande standard. Svein Bergseth var den eine og unge Ragnhild Handeland den andre. til dømes makta ikkje Bergseth heilt å nå fram med røysta si då han hadde sin versjon av Mitt hjerte alltid vanker.

Kveldens andaktshaldar var Jan Ove Fagerheim frå Utåker som slo fast at det er godt med ei slik høgtid midt på vinteren. Det er også godt med alle dei gode kulturytringane som fylgjer med.

Kyrkja var fullsett og det fortente verkeleg soknerådet som skal ha ros for ein godt komponert og avvikla konsert og også for skikkelag marknadsføring av han.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



-men kveldens høgdepunkt sto organist Lars Erik Tjeldflåt for, meiner vår anmeldar